



BESTE PRAKSIS

Tema	Leksehjelp	Laga av (dato-sign)	MHF 04.08.2023
Gjeld for kven	Alle	Revidert dato	
Kvifor og når	- Sikre effektive leksehjelptimar - Sikre god arbeidsro i leksehjelptida.		

Formålet med leksehjelp er å gi elevar tid og rom på skolen til å konsentrere seg om heimearbeid. Det vil vere voksne til stades for å følgje opp elevane, passe på at det er god arbeidsro, og at elevane som nyttar tilbodet følgjer skolens reglar for orden og oppførsel. Leseleksa, innøving av gloser og gangetabell skal alltid gjerast heime.

Tilbodet er for elevane på 5.- 10.trinn 1 time kvar veke i avtalte klasserom.

Forventningar til alle elevane:

- Eg er på leksehjelp for å gjere lekser.
- Eg respekterer andre ved å sitje på plassen min og bruke låg stemme.
- Eg rekkjer opp handa dersom eg treng hjelp.
- Eg rettar meg etter beskjeder.
- Eg følger skolens reglement.

Elevane går heim når dei er ferdige med leksene og ventar utanfor skolebygget på venner. Elevar som forstyrrer andre eller gjer anna enn lekser, sendast heim. Kontaktlærar gir beskjed til føresette ved brot på skolens reglar.

Elevar på 3.og 4.trinn kan få tilbod om leksehjelp dersom lærar anbefaler det og det blir innhenta samtykke hos føresette.